



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Aust-Agder

[fmavpost@fylkesmannen.no](mailto:fmavpost@fylkesmannen.no)

18. februar 2016

### **Klage – Løyve til bruk av utanlandske treslag på eigedomen gnr. 110, bnr. 11 i Kristiansand kommune**

Vi viser til vedtak i sak 2016/1516 den 20.1.2016, varsla frå Miljøvedtaksregisteret 25.1.2016.

Klagar ønskjer saka omgjort, slik at vedtaket blir oppheva, eventuelt at søknaden blir avslått.

Det er fleire hovudtema i denne klaga, at arealet som ein ønskjer planta på ikkje er kartlagd i det heile, og at bruken av naturmangfaldlova ikkje fangar opp dette. Vidare at ny kunnskap om spreingsevna til nordmannsedelgran bør nyttast ved vurdering av søknaden.

### **Areala planlagde til juletefelt**

Det er i samband med vedtaket gjort ei vurdering av naturtypelokalitetar og verneområde innafor ein kilometer frå utsettingsområdet. Dette skulle vere tilstrekkeleg så lenge ein har med ein art å gjere som ikkje reproduserer. Viss føresetnaden er ein annan, kan det vere litt lite. Vi kjem tilbake til kva vi meiner om føresetnaden om reprodusering.

I vedtaket står det følgjande om det arealet som er meint brukt til sjølv plantefeltet:  
*«Kunnskapen om naturmangfoldet i området vurderes som tilstrekkelig for å behandle søknaden, jf. nml § 8. Ingen av registreringene er innenfor omsøkte areal.»*

Naturvernforbundet  
Mariboeg gt 8,  
0183 Oslo  
[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)

SABIMA  
Pb. 6784 St. Olavs plass,  
0130 Oslo  
[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

WWF-Norge,  
Postboks 6784 St. Olavs Plass,  
0130 Oslo  
[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

Den siste meir generelle kartlegginga av naturtypar vi har funne for Kristiansand er gjort av BioFokus i 2010<sup>1</sup>, der dei presenterer kartleggingsgraden for kommunen såleis:



Figur 6: Kartleggingsstatus for ulike områder i Kristiansand kommune. Arealer uten skravur ansees som "dårlig kartlagt", dvs. ikke systematisk kartlagt av BioFokus eller andre aktører. Gule felter viser førstegenerasjons naturtypeavgrensninger.

Omsøkte område ligg nær Tveit, øvst på kartet, og ligg i den delen av kommunen som er rekna for å vere dårleg kartlagt. Søkjar opplyser at arealet er innmarksbeite, utan nærare opplysningar. I Kristiansand kommune er det i alt kartlagd 7 lokalitetar av naturbeitemark og 2 med småbiotopar (inklusive åkerholme). Det tyder at det er få lokalitetar av denne typen som er kartlagde. All naturbeitemark utan mykje attgroing vil i dette området vere potensielle

<sup>1</sup> Klepsland, J.T. og Høitomt, T. 2010 [Naturtypekartlegging i Kristiansand kommune 2009](#). BioFokus-rapport 2010-18.

naturtypelokalitetar, til undersøkingar eventuelt viser noko anna. På nokre slike lokalitetar vil ein t.d. kunne finne beitemarksopp, også av raudlista artar.

Ved sjekk av Artskart ser ein ikkje observasjonar frå utplantingsområdet. Følgjeleg har ein ingen opplysningar om floraen på dette arealet, og heller ingen dokumentasjon på at arealet har vore vurdert av biolog.

Sakshandsamar hos Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder kan ikkje legge til grunn at dette området er godt kartlagd, viss det ikkje blir lagt fram annan dokumentasjon for at området er kartlagd i tilstrekkeleg grad.

Når kartleggingssituasjonen er slik, må både omsøkte areal og områda rundt kartleggast, anten ved at fylkesmannen har kompetanse og vil gjere det sjølv, eller at søkjar blir pålagt å koste ei slik kartlegging utført av eit kompetent kartleggingsfirma. Utan ei slik kartlegging, har ein ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å kunne gi løyve.

Fylkesmannen har gjort nokre vurderingar etter naturmangfaldlova, men knapt for sjølv utplantingsområdet. Det står ikkje noko om vurderingane av plantetiltaket sin påverknad av dei verdiane ein ikkje veit kva består av i området, og det er ikkje sagt noko om kva påverknad den manglande kunnskapen har for vedtaket.

### **Treslaget som er omsøkt**

Utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon er basert på at trea blir fjerna før dei blir kongleberande. Vilkårå som skal sikre dette inneheld berre ei barriere, dvs. at sviakt på eit punkt vil vere nok til at føresetnaden ikkje er til stades. I vilkårå i denne saka er det t.d. ikkje sett krav om at kongleberande tre skal fjernast før dei får spreidd frø, men det er sett grense ved 20 års alder og 4 meter høgde. Treslag som kan bli kongleberande før dei når 20 år kan dermed glippe unna med desse krava.

Vurderinga av nordmannsedelgran bør ein stille spørsmål ved. Dette er eit treslag som dei i Danmark haustar frø av for såing i eigne juletreplantasjar. Det tyder på at arten kan setje spiredyktige frø med ganske god margin i Danmark, og klimaskilnader mellom Danmark og Kristiansand er ikkje større enn at ein må ta høgde for at det kan bli spiredyktige frø også i Noreg. I tillegg nemnes nordmannsedelgran som eksempel på eit tre som kan foryngas naturleg, i ein rapport frå svenske Skogsstyrelsen<sup>2</sup>.

Det skal nemnast at det blei plukka konglar frå nordmannsedelgran som blei hogd i Tingvoll kommune på Nordmøre i haust. Nokre frø blei ståande i ein boks utan optimal handsaming, og viser seg å spire. Nordmannsedelgran går for å vere litt vanskeleg i så måte, men vi har sett nok til å slå fast at frø frå norske tilhøve er spiredyktige.

---

<sup>2</sup>Skogsstyrelsen 2009. [Naturlig förnygring av tall och gran](#). Skogsskötselserien nr. 4.



Figur 1. Nokre frø sankar frå nordmannsedelgran i Tingvoll kommune hausten 2015. Det er tydelegvis spireevne.

Elles går det fram av opplysningar frå Aarestrup planteskole noko om konglesetting:

*Frø/frugter: Opretstående 15-20 cm lange cylinderformede kogler, som ses på treet efter 15-20 år.*<sup>3</sup> Grønnegaard AS har ei liknande utsegn.<sup>4</sup>

Vi meiner ut frå dette at ein må legge til grunn at normansedelgran kan få konglar før dei er 20 år/4 meter høge, og at frø er spiredyktig i Noreg. Då er det ikkje lenger to barrierrar (ikkje frøproduserande og hogst før eit tidspunkt), men i beste fall ein, dvs. hogst før eit tidspunkt.

Dermed må ein ta stilling til om dette kan få konsekvensar på denne staden, og om risikoen kan fjernast. Med næraste naturtypelokalitet få meter unna, er det liten tvil om at frø kan finne vegen dit. Frøa er ganske tunge, men det er mange fuglar som hentar frø frå desse konglane. Dermed kan slike frø like gjerne bli spreidd nokre hundre meter som 30 meter frå mortreet.

Vi ser for oss at det er fleire verdifulle lokalitetar ganske nær som er såpass uoversiktlege å halde under oppsikt at det er lite realistisk å ha full kontroll over dette.

Problemstillingane knytt til rømlingkontroll på annan grunneigar sin eigedom kjem som ein tilleggskomplikasjon som det ikkje er nemnt noko om i det heile.

Her er det ganske mykje som kan gå gale, og resultatet kan fort bli at tre ein ikkje rekna med kunne spreie seg gjer det likevel. Difor er det ikkje heilt uvesentleg kva treslag som er søkt planta.

---

<sup>3</sup> [http://www.skovplanter.dk/planter/gran---nordmannsgran-\(abies-nordmanniana\).aspx](http://www.skovplanter.dk/planter/gran---nordmannsgran-(abies-nordmanniana).aspx)

<sup>4</sup> <http://groennegaard.com/eng/history.html>

## **Krav om utsett iverksetting**

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

## **Konklusjon**

Dei vurderingane som skal finnast etter naturmangfaldlova er mangelfulle eller manglande, noko som gjer det umogleg å ta stilling til kva naturverdiar som kan vere på spel på arealet ein vil plante på. Vidare er føresetnadene til omsøkte treslag ein annan enn den som er lagt til grunn. Vedtaket må opphevast, og ein må starte på nytt med å skaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag, slik at det er mogleg å gjere dei nødvendige vurderingane etter naturmangfaldlova. Eller ein kan avslå søknaden.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen  
teamleder, WWF-Norge